



Elevane har gjort ein imponerende jobb! Her er innsamlinga i gang frå dei einkilde klassane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Eit lite lass av det fantastiske metallet titan blir onsdag sendt frå skulen i Uskedalen via ein innsamlingsstasjon i Porsgrunn til Thailand. Der vil det bli laga proteser av det, ikkje minst til bruk for fattige.**



[Elevrådet har all grunn til å vera nøgd. \(Foto: Ola Matti Mathisen\)](#)

Uskedalselevane har gjort ein imponerande innsats med innsamling av bokshempar av titan sidan november i fjor og må berømmast for jobben. Den har gått føre seg i regi av elevrådet og representantane frå dei einskilde klassane presenterte resultatet under det siste møtet i skuleåret måndag. Det tok ikkje lang tid å fylla ein diger plasteske.





Resultatet av innsamlinga er imponerende. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Innsatsen har sjølvsagt variert frå klasse til klasse og frå elev til elev. Det har ikkje vore tevling mellom klassane, men tre Arnardo-bilettar er delt ut til elevar. To av dei var tilfeldig utvalde, men Hanne Hauge fekk premien for den største innsamlingsinnsatsen.

Truleg samla ho inn meir enn 1.000 hempar!

Det var Tor Edward Taranger som hadde ideen til denne spesielle innsamlinga og den hadde han med seg frå arbeidsplassen på Statfjord B i Nordsjøen der dei har hatt ein liknande innsamling.

Titan blir brukt til så mangt, til dømes i fly. Det er hardt og lett, det har låg masse, men likevel stor styrke. Titan er dobbelt så sterkt som aluminium sjølv om det er tyngre .

Eit viktig bruksområde er medisinen der det blir nytta til protesar til hoftar, kne og også kranieplatar og naturleg nok til skruer og naglar. Protesane blir ikkje avvist av kroppen og kan vara i fleire tiår. I Thailand blir dei produsert for ein rimeleg sum og kan difor nyttast av dei fattige.

Det er difor verkeleg ein prisverdig innsats til beste for mange elevane i Uskedalen har gjort denne vinteren.

Av Ola Matti Mathisen